

Jostein Ryland

Fra: Linda Hammersvik Folkestad <Linda.Folkestad@lindas.kommune.no>
Sendt: 2. november 2015 12:49
Til: Jostein Ryland
Emne: Svar på søknad om avkjørsle - Dyrkolbotn Fjellstove - gbnr 247/10
Dyrkolbotn
Vedlegg: 123354.pdf

KOPI

Ryland Bygg AS

Referanser: Saksbehandlar: Dato:
Dykkar: Linda Folkestad 02.11.2015
Vår: 14/7875 - 15/33440 Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Svar på søknad om avkjørsle - Dyrkolbotn Fjellstove - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Teknisk drift syner til brev datert 29. oktober 2015 vedkomande søknad om løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 247/10 for personalbustad med 6 bueiningar.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg for personalbustad med 6 bueiningar på følgjande vilkår:

Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.

Avkjørsle skal være plassert som vist på innsendt situasjonskart.

Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdatab.no og www.vegvesen.no

Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging av avkjørsle treng eget løyve frå byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samnt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om ny avkjørsle til LK - 29.10.15

Kopi til:

Lindås kommune ved
byggesak
Fagsjef veg

K O P I

Lindås Kommune

v. Teknisk Drift
Postmottak, Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Att. Avdeling for teknisk drift

Sørbøvåg, 29. oktober 2015

Søknad om ny avkjørsle Dyrkolbotn Fjellstove.

I forbindelse med at tiltakshavar, Dyrkolbotn Fjellstove, ynskjer å føre opp ny personalbustad m. næringsdel i Dyrkolbotn, søker ein om ny avkjørsle frå kommunal veg som går forbi eigedommen og inn til Dyrkolbotn.

Vedlagt fylgjer:

- Utfyllt søknadsblankett for søknad om avkjørsle i Lindås kommune.
- Situasjonsplan i 1:500 og 1:1000
- Diverse snitt veglinje og planlagd parkering.

Kommentar til søknad.

Prosjektet gjeld oppføring av personalbustad med fellesdel, 3-leilegheiter og 3-hyblar. Ein har den 3.9.15. hatt førehandskonferanse md Lindås kommune, referat derifrå har referanse nr.: 15/2787-15/27919. I dette møtet vart også Rune Kilen ved teknisk drift orientert om tiltaket, der han signaliserte at ei ny avkjøringsløyning som vil medføre at ein får 2-avkjøringar innafor ein avstand på 100 m., mest truleg ville kunne godkjennast.

Etter gjennomført førehandskonferanse er sjølve avkjøringa flytta noko opp mot nord, dette med bakgrunn i at ei avkjøring lenger mot sør (ved svingen) vil gje unødig stor stigning for internvegen i prosjektet. Ny avkjøring slik som omsøkt vil gje eit internt stigningsforhold med snitt på 1:8,5m. Parkeringa er no samla og plassert på tilnærma same kotehøgde som personalbustaden.

Det er viktig for tiltakshavar/brukar av prosjektet at snørydding av vegar og p-plassar kan utførast rasjonelt og med god sikkerheit, ei løyning med ny avkjøring slik som omsøkt er difor av største viktighet.

Vi vonar de finn å handsame denne saka raskt hjå dykk slik at vi får avklart dette før vi sender søknad om rammeløyve for prosjektet.

Med venleg helsing

RYLAND BYGG as

Jostein Ryland

Tif direkte: 99281401

E-post : jostein@rylandbygg.no

SØKNAD OM AVKØYRSLE FRÅ KOMMUNEVEG

Arbeida på eigedomen kan ikkje settast i gang før løyve frå kommunen er gjeve.

Tiltakshavar	DYRKOLBOTN FJELLSTOVG	Tlf.	56356068
Ansvarleg søkjar/utførande	RYLAND BYGG A.S.	Tlf.	99281401
Byggeplassadresse	DYRKOLBOTN	Gnr./bnr	247 / 10
Vegstrekning	FRÅ KRYSS E39 INN TIL DYRKOLBOTN	Stad	DYRKOLBOTN
Tiltaket ligg i område med reguleringsplan			
Ja <input type="checkbox"/> Namn på planen:		Nei <input checked="" type="checkbox"/> (Søknaden vert handsama hjå Teknisk drift).	
Ja <input type="checkbox"/> Namn på planen: (Søknaden vert handsama hjå Byggesak).			

Søknad om avkøyrslø

<input checked="" type="checkbox"/> Ny avkøyrslø	<input checked="" type="checkbox"/> Bustadeiningar antall... ⁶ ...stk
<input type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø	<input type="checkbox"/> Hytte antall stk
<input type="checkbox"/> Flytting av eksisterande avkøyrslø	<input checked="" type="checkbox"/> Industri/Næring
<input type="checkbox"/> Stenging	<input type="checkbox"/> Driftsavkøyrslø
<input type="checkbox"/> Anna føremål.....	<input type="checkbox"/> Andre

Vedlegg

- Det vert vist til vedlagt kart/skisse i målestokk 1:500, med påteikna målsett tiltak, som viser avkøyrslø.

Signatur

Eg er kjend med at vanlege fristar for handsaming ikkje gjeld for løyve til avkøyrslø er avklart.

Dato:	Tiltakshavar
29/10 - 15	FOR TILTAKSHAVAR


Søknad motteke i Teknisk drift, Dato

- Uttale Søknad godkjent Søknad avslått

Merknader/vilkår

- Sikta ut frå avkøyrslø skal vere slik at busker, tre o.l. ikkje skal vere til hinder for sikta. Terreng eller plantar må ikkje kome høgare enn 0,5m over vegbana.
- Der avkøyrslø er til hinder for overvatn i veggroft, skal det leggst ned min. 200mm drensrør. Røret skal vere køyresterkt og leggst slik at veggroft ikkje vert skada og at grøftevatn får fritt avløp. Støypekantar o.l som kan skade snøryddeutstyr skal ikkje byggast nærare offentleg veg enn 1m.
- Det skal ikkje førast overvatn ut i offentleg veg. På den første meter frå vegkanten skal det vere eit fall frå offentleg veg på 3cm.
- Vedlikehald av drensrør og frisiskefelt skal til eikvar tid haldast vedlike av tiltakshavar.
- Svingradius frå avkøyrslø skal i vegkant være min. 3,5m, på begge sider av avkøyrslø.
- Avkøyrslø skal verte plassert som vist i søknaden
- Avkøyrslø skal verte plassert som vist i detaljskisse på baksida av dette arket.
- Det skal være mogeleg å snu på eigen grunn.
-

Ansvarleg for drift av kommunale vegar Dato..... sign.



Dyrkolbotn Fjellstove- Ny personalbustad
 SITUASJONSPLAN
 18.10.2015
 Målestokk 1:1000
 Medaas Oppmåling

Mottakarar:
Ryland Bygg AS



Statens vegvesen

KOPI

Rydland Bygg AS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
15/222837-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.11.2015

Utvida bruk av avkjørsle E39 – Gnr. 247 bnr. 10 Dyrkolbotn – Lindås kommune

Vi viser til søknad om utvida bruk av avkjørsle til E39 for oppføring av ny personalbustad ved Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskule og Gjestehus, gnr. 247 bnr. 10 i Lindås kommune. Tiltaket er prosjektert med 3 stk. leilegheiter og 3 stk. hyblar, samt at det legg opp til utviding av eit «bed & breakfast»-tilbod.

I kommuneplanens arealdel 2011–2023, er Dyrkolbotn markert som LNF-område med spreidd næringsbygging, SN1. I føresegn §5.25 vert vilkåra spesifisert. Omsøkt tiltak synes å vere i tråd med føresegna, og Statens vegvesen legg dette til grunn for si handsaming. Vi gjer likevel merksam på at søknadsplikt og planstatus etter plan- og bygningsloven må avklarast med Lindås kommune.

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på den vegen det er søkt om avkjørsle frå.

Dyrkolbotn Fjellstove Leirskule og Gjestehus har avkjøring frå E39 i Romarheimsdalen. I *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*, er vegen forbi omsøkt avkjørsle vist med **haldningsklasse 1**. Dette vil mellom anna seie at:

- Vegane skal i prinsippet vere fri for avkøyrslar
- Nye avkøyrslar og utvida bruk av eksisterande avkøyrslar – utanom til primærnærings som er bunden til areala – vert berre godkjent etter reguleringsplan eller etter veglova
- Svært viktig hovudveg (nasjonal og regional funksjon)

I samband med opprusting av E39 gjennom Romarheimsdalen i perioden 2005–2008 vart avkjørsla til Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskule og Gjestehus utbetra, og er no i god stand. Vi finn det difor tilrådeleg å tillate utvida bruk av avkjørsla for det omsøkte tiltaket.

VEDTAK

Med heimel i Veglova §§ 40–43 godkjenner vi utvida bruk av avkjørsla frå E39 hp 31 ved km 5,460 til eigedomen gnr. 247 bnr. 10 i Lindås kommune. Følgjande vilkår gjeld for godkjenninga:

1. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt ovanfor.
2. Løyvet fell bort dersom avkjørsla ikkje er teke i bruk til nemnde føremål innan 3 år frå d.d.

Plan og forvaltning – Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Skulstad Marianne
senioringeniør

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



Statens vegvesen

KOPI

Søknad om avkøyrslø eller dispensasjon frå byggegrenser

Steg 1 av 6

Som søker kan du søke for deg sjølv eller andre. Om du søker for andre må du stadfeste at rette vedkomande har gitt samtykke.

Eg søker for meg sjølv Eg søker for andre

Namn på den du søker for

Dyrkolbotn Fjellstove Leirskole og Gjestehus

Har den du søker for gitt samtykke?

Ja Nei

Steg 2 av 6

Riksveg Fylkesveg

Vegnummer E39

Eksempel på vegnummer er rv. 120

Kommune Lindås

Fylke Hordaland

Gnr. 247

Bnr. 10

Festenr.

Arealføremaal i kommuneplan. Dette får du opplyst av kommunen.

Bygningar og anlegg for leirstad, undervisningsbyg, konferanse, anlegg for dyrehald og personalbustad.

Ligg eigedommen i regulert område? Ja Nei

Detaljkart må leggest ved søknaden.

Med detaljkart meiner vi: Kart i målestokk 1:1000/1:500 der planlagde tiltak er teikna inn med målsett avstand til midten av vegen.

Steg 3 av 6

Du kan søke om avkøyrslø, dispensasjon frå byggegrenser eller begge.

Eg søker om avkøyrslø

Frådeling

Ny bustad/bueining

Bruksendring

Eg søker om dispensasjon fra byggegrenser

Nybygg

Tilbygg/påbygg

Garasje

- Utvida bruk
 Flytting
 Ny avkjørsle
 Anna

Anna

Minste avstand fra nærmaste punkt på bygget
til midten av vegen: meter

Steg 4 av 6

Vær vennleg å grunngi søknaden, og opplys om andre tilhøve som kan vere viktige for søknaden.

Dyrkolbotn Fjellstove Leirskole og Gjestehus ynskjer å føre opp ny personalbustad på området avsett til føremålet. Tiltaket er prosjektørt med 3 stk. leilegheiter og 3 stk. hyblar, samt at det legg opp til utviding av eit "bed & breakfast" tilbod ved fjellstova i dag. Tiltaket vil medføre noko auka bruk av noverande avkjørsle frå E39 til Dyrkolbotn, auken vil vere relatert til spesifikasjon som over.

Ein søker om Statens Vegesen sitt samtykke i saka i førekant av nært føreståande søknad om rammeløyve/igangsettingsløyve, og vonar difor at de finn å kunne handsame saka raskt hjå dykk.

Ryland Bygg AS er engasjert av Dyrkolbotn Fjellstove Leirskole og Gjestehus, v. Signhild Dyrkolbotn, til å bistå som søker og prosjekterande for tiltaket.

Dette til orientering.

Steg 5 av 6

Namn

Ryland Bygg AS v. Jostein Ryland

Adresse

Gil, 6958 Sørbovåg

Telefon 99281401

E-post jostein@rylandbygg.no

Steg 6 av 6

Eg samtykker i at opplysningane som er gitt ovanfor er riktige.

Opplysningane du har gitt i søknaden vert utelukkande nytta til handsaming av søknaden din.

Statens vegvesen handsamar dei gitte opplysningane i tråd med personopplysningslova. Les meir på vegvesen.no/personvern

Hjelp til å fylle ut skjema

Heimelshavar

En heimelshavar for fast eigedom er den som er oppført som eigar av ein eigedom i grunnboka. Heimelshavaren er altså den som eigedommen er tinglyst på.

Grunnbok

Dersom du lurer på kven som er eigar, eller kva rettar og hefte som er tinglyst på ein eigedom, kan du bestille ei utskrift frå grunnboka eller kopi av eit tinglyst dokument. Du kan også prøve nettenesta www.seeiendom.no som gir deg ubekrefta grunnboksutskrift.

Gards- og bruksnummer (gnr. og bnr.)

Gards- og bruksnummer er ein eigedom sin identitet, og kan samanliknast med eit personnummer. Alle eigedommar i Noreg har ein slik unik talkode.

Finn ditt gards- og bruksnummer

Dersom du ikkje kjenner gards- og bruksnummeret til ein eigedom, kan du finne det ved å søke i nettenesta www.seeiendom.no. Skriv inn vegadressa eller et stadnamn i søkefeltet, eller naviger deg fram til eigedommen i kartet.

Festenummer (fnr.)

Eit festenummer er ein del av ei eigedomseining i det norske eigedomsregisteret.

Ein vanleg måte å beskrive ein eigedom er f.eks. 17/235/2, der 17 er gardsnummeret, 235 er bruksnummeret og 2 er festenummeret. Ein annan skrivemåte er gnr. 17, bnr. 235, fnr. 2.

Kommuneplan og reguleringsplan

Ein kommuneplan eller ein reguleringsplan, innan kommunal planlegging, er ein plan som fastset vilkåra for arealbruk og busetnad innanfor eit avgrensa område. Den består av eit kart med tilhøyrande føresegner. Kva formål som eit areal kan regulerast til, og kva føresegner som kan knytast til planen, er fastlagt i [Plan- og bygningslova \(lov av 27. juni 2008 om planlegging og byggesaksbehandling\)](#).

Send søknaden til Statens vegvesen i din region

**Østfold, Akershus, Oslo,
Hedmark, Oppland**

Postadresse:

Statens vegvesen
Region øst
Postboks 1010
2605 LILLEHAMMER

E-postadresse:

firmapost-ost@vegvesen.no

**Buskerud, Vestfold,
Telemark Aust-Agder, Vest-
Agder**

Postadresse:

Statens vegvesen
Region sør
Postboks 723 Stoa
4808 ARENDAL

E-postadresse:

firmapost-sor@vegvesen.no

**Rogaland, Hordaland, Sogn
og Fjordane**

Postadresse:

Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

E-postadresse:

firmapost-vest@vegvesen.no

**Møre og Romsdal, Sør-
Trøndelag, Nord-Trøndelag**

Postadresse:

Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

E-postadresse:

[firmapost-
midt@vegvesen.no](mailto:firmapost-midt@vegvesen.no)

Nordland, Troms, Finnmark

Postadresse:

Statens vegvesen
Region Nord
Postboks 1403
8002 BODØ

E-postadresse:

[firmapost-
nord@vegvesen.no](mailto:firmapost-nord@vegvesen.no)